

# OM GAMLE DAGAR

---

## Eirik Småbrekke f. 1922

---

*Eirik Småbrekke f. 1922, fortalde dette på Minde/Småbrekke-stemna laurdag 14. august 1993.*

Når eg skal fortelja om gamle dagar, so får eg ta utgangspunktet i Peder Monsson Øye (1785-1869), og Elisabeth Nilsdotter Kvitingen (1785-1856), gifte i 1812. Peder si slekt kan ein fylgja tilbake til 1625, då på Fosse. Elisabeth ætta frå ein svensk krigsfange, som heitte Nils Stålby f. ca. 1697, og kom til Vestlandet i 1715. Ho som vart kona hans , Anna Pedersdatter Tysse, ætta frå Magnus Lagabøtar. Det var ikkje lett å livberge seg i Bergsdalen på Peder Monsson si tid og frametter. Ikkje hadde dei køyreveg, ikkje telefon, ikkje postgang, ikkje elektrisk kraft. Veg kom det til Fosse i 1895. I åri 1901-1909 arbeidde dei vegen fram til Hamlagrøsen. Og i 1959 vart Hamlagrøvegen opna.

### **Telefon.**

BKK bygde seg telefonlina i slutten av 20-åri. Det vart då innlagt telefon i nokre få hus i Bergsdalen. I 1958 bygde Telegrafverket om lina og då fekk alle som vilde, innlagt telefon.

### **Postruta.**

Etter at vegen kom til Fosse, vart det postbæring der til. Frå 1919 vart posten boren til Berge 2 gonger i vika. Og det vart skipa brevhus der.

### **Elektrisk straum.**

På Fosse fekk dei elektrisk straum i slutten av 20-åri. I 1941 bygde BKK seg høgspantlina til Hamlagrøsen. Då var tidi endeleg komi for resten av Bergsdalen til å få kraft. Med stor eigeninnsats vart lågspennettet bygt ut. Bøndene reiste til Evanger og hogde stolpar, og sette dei opp. So om hausten hadde alle hus fenge straum. Det vart stor ljوسفest. Dette var i 1942.

Før oldefar, Peder Pedersson Øye (1819-1905), kom til Småbrekke, var det stadigt byte på eigarane. Sume hadde garden berre 1 år. Men sidan 1852 har same slekti vore her. Ein som heitte Jon Torsteinson Hereid hadde garden i 4 år før oldefar.



Småbrekke kring 1910

Utlånt av Eirik Småbrekke

Han var reinsgjeter, og oldefar var med han. Ein gong dei hadde vore på Storliknausen vilde ein av dei skrida so uvyrde. Den andre skulde ta skreppa hans. Men det gjekk gale, han snyste, og skiene for i frå han, heilt på Moaisen. Det var vidjabandsski dei hadde, og dei for lett av. Enden vart at han laut gå på lodneskorne dei siste kilometrane.

Det var dårlege hus, lite med innbu og maten kunde vare skral mang ein gong i Bergsdalen. Bruresengi laga oldefar til soleis: han la noko bjørkeris oppå ein mykjeslede,

og so sengkle oppå det att. Det var mjuk-kvitlar og brot-kvitlar ein brukte i gamle dagar. Og sume hadde gjerne skinnfellar. Ein mann spurde ein gong oldemor, Ingebjørg Jørgensdatter Brekke (1824-1905), om korleis det var med maten. Ho svara: Berre Vår Herre tek loket av fiskeambaret, so vert det nok ei råd. Ho venta på at isen skulde fara av vatnet.

Det er fortalt at Nils, bror til oldefar, gjekk over fjellet til Kvitingen og vidare til Minde, til systrene sine og henta såkorn. Det var lang veg med tung byrda.

Det var mange speborn som døydde. Opp til 3 stykke i ein huslyd. Det var dei sterkaste som voks opp.

Oldefar tente på Fosse i sin ungdom. Der hadde dei høystakkar på den andre sida av elvi. Då det lei til den tid at høyet skulde bærast over elvi, kledde husbonden seg i skinntrøya og gjekk å hosta og harka, som om han skulde verta forkjølt. Dei måtte vassa berrføtte over den oppkrya elvi. Om kvelden bad husbonden kona gje dei varm mjølk til grauten. «Eg ser meg ikkje råd til det», sa kona, «det går so altfor mykje då».

I gamlestova på Småbrekke var det berre éin omn, og med berre eit kokehol. Det var den som då var fyrst oppe som fekk koka fyrst, anten husbondsfolket, eller kårfolket. Løa var gisi, og snøen fauk inn. Ein gong fraus oldemor so då ho viska høyt til beisti at ho helt på å gje seg over. Det svarde seg ikkje å gå inn, ho kunde frjosa ihel der ho var. -

Jakt og fiske var gode matkjelder. Dei sette liner og salta ned mykje fisk om hausten. Men det var utnytting av grasen som var det største næringsgrunnlaget. Bøen på Småbrekke var skral. Når dei var godt hjelpa, slo dei han på 14 dagar. Dei brukte faste trehesjar, som dei slo i fleire gonger. Troene batt dei på med bendlar, som var laga av bjørkerynningar. I utmarki slo dei so resten av sumaren, og so langt utover hausten som det var råd. Alt markahøyet måtte turkast flatt. Og det var ofte bakkaleie, og av ring kvalitet. På Småbrekke slo dei heilt opp i 800 meters høgd. Dei slo på Moastølen, ja, dei var heilt ut på Storlihjellen. Dei oppevarde høyet i utløder og stakkar. Og so drog dei det heim om vinteren. Opp til 1/3 mil, i dei verste tilfelli. På Rødland hadde dei opp til 17 stakkar, og 3-4 utløder. Og so hadde dei løypestrengjer. Dei bar opp til 350 høybørder, på minst 50 kg. På Småbrekke hadde dei to store løypestrengjer. Og so ein liten som gjekk tilbake frå Haugatoppen til gamleløa. Høybørne måtte vera godt laga som skulde tola slik medfart, med to ombytingar.

Det var ofte vårknipa, serleg på sume gardar. Då måtte dei berga som dei sa. Det stod seg av å riva kamb, ettersom snøen tinte på dei tidlegaste plassane om våren. Elles so beita dei, hogde riset av all veden dei fekk heim. Og so skov dei, særleg raun, selja og hegg. Dette var tilleggsfor ofte heile vinteren. Det var om å gjera å få beisti til å overleva om vinteren. Om sumaren var det dei skulde få avdråtten av dei. Mange hadde trange og myrke florar. På Rødland var det ein

gong ein sau som dauda om vinteren, men dei oppdaga det ikkje før om våren, då skulde dei ta smalagarden.

Både kvinnfolk og kara var med i slåtteeoni. Når dei slo i marka måtte kvinnfolk og større born raka graset til breittles. Det vil seia raka det vekk frå skuggar av tre og frå våte plassar i terrenget. Ein dag oldemor var med slåttefolket kjende ho tidi nærma seg. Ho skulde ha barn. På vegen heim gjekk ho bortom Rødland, og bad ei kona der koma ned til Småbrekke. «Eg vil no nett stauka grauten ferdig», sa ho. Men då ho kom til Småbrekke var barnet alt fødd. Eit eldre barn hjelpte mori med å vaska den nyfødde.

Men det gjekk ikkje alltid so lett. Det hende at både mor og barn strauk med. Før vegen kom hadde dei noko som dei kalla nærkoner, det var slike som hadde bedre greie på fødsjar. Dei for rundt og hjelpte dei fødande. Ein gong i nyare tid måtte jordmori øvst i dalen. Og det var litt av eit basketak. 21 mann og 7 hestar var med og hjelpte henne fram. Dei mokte braut og kørde kvar sine stykke oppetter, når nokon var utslitne, tok nye fatt.

Oldefar var redd vind. Og bles gjorde det på Småbrekke. Småbrennkeskaret og høgfjellet vart rekna som likeverdige i so måte. Ein slektning frå Myrkkeltveit bles ned att Skarabrekka 2 gonger. Fyrst 3. venda kom han seg opp. Den gamle vintervegen gjekk omlag der nyevegen no går, og der var det bratt. Når det bles fælt kraup oldefar under sengi. Dei hadde høgføtte senger den tid. Då det leid til måls, spurde oldemor, «vil du koma fram, eller vil du ha det bort under til deg». I seinare tid har vinden flytt læa på Småbrekke, oppå murane. So at me har lote skrudt henne tilbake.

Nett i dag fekk eg vita at det var tippoldeforeldri mine, Mons Pedersson Øye f. 1757 og Marjo Helgesdatter Brekke (1757-1811), sine hus som brann opp, medan dei var over fjellet til Evanger og skulde ta ut lysing. Då dei kom fram på kantane so dei såg ned att i Øyane, so såg dei at det var berre ein oskehaug att.

Dette huset stod nedmed vegen i Øyasvingen. Det vart bygd nytt hus oppe i Øyo. Det er det kvite huset som står i dag. Bertin Øye fann oskelaget i grunnen, då han bygde hytta der.

Oldefar var med godmor, Marta Andersdatter Lid (1859-1940), på Moastølen. Og då ho fekk vitjing av bjørnen, var han med og skremde han vekk. Han var og med på bjørnejakt. Og viste seg då å vera presisjonskyttar. Dei var komne til pinseaftan, og skulde avslutta jakti for helgi. Oldefar skulde tømme børsa, og skaut borti ein stein. Han som gjekk og skulde sjå etter kulemerket, sa «da va nett so om han skulde sett henne (kula) borti me klypene (fingrane)». Det er sagt om ein annan bjørnejæger at han ladde so hardt, at han uvita då skotet gjekk av. -Kvar vart det av bjørnen?, var det fyrste han spurde då han vakna.



Jørgen på trappa i Moaselet.

Utlånt av Eirik Småbrekke

Oldefar hadde garden i 31 år. So overtok godfar, Jørgen Pederson Småbrekke (1855-1936), han hadde garden i 38 år. Det var i godfar sine velmaktsdagar at Moaselet vart bygd.

Ein mann ifrå Kvitingen murde floren. Medan arbeidet stod på låg han om nettene under ein kvelvd båt. Brørne til godfar var med han i Rasdalen og hogde timberet. Dei skjemta om at når selet vart ferdigt so kom dei til å liggja i sengene og sjå på stokkane og seia: den og den stokken hogde me der og der. Men dei klarde ikkje kjenna att stokkane..

Alt samkvem med bygdi var ved å gå over fjellet. Til Evanger gjekk dei anten frå Rødland eller frå Hatlestad. Det kalla dei Øvrafjellet. Frå Berge gjekk dei til Bolstadøyri. Det kalla dei Nærafjellet. Den vegen var kortare. Skulde dei til kyrkja måtte dei til Evanger. Folket næst i dalen gjekk óg gjennom Skorsdalen, eller om Brattefonna og ned til Bolstadøyri. Bergsdølingane hadde kvar sine huslydar dei tok inn til i bygdi. Og der hadde dei kyrkjekledi hangande. Dei som kom ned til Bolstadøyri måtte anten ro eller gå isen til Evanger.



På Bolstadøyri var det kyrkjegard. Dertil måtte dei fara med liki, vinter som sumar. Ein gong kom dei ut for slikt uver, at dei laut setja kista på ende i snøen (so dei skulde finna henne att) og gjera vendereis. Dei prøvde ofte å få til dåp, konfirmasjon og vigsle ein og same dagen i huslyden. Ein gong vart eit dåpsfylje liggjande vèrfast i Rasdalen ei heil vika. Eit dåpsfylje frå Rødland kom på heimveg ut i eit uver. Då tok ein flink skilaupar dåpsbarnet innpå bringa si og knappa kufta si godt att. Han sette til i fyrevegen, og kom vel heim med barnet. Då sa han :«Du skal verta andre gifta mi, du». Og det vart ho.

Då Anna Skår, f. 1891, skulde døypast, fekk dei for lite tid å gje barnet nok om morgonen. Då dei kom på fjellet byrja barnet å sutra. Då dei kom på Løddevarden, tok to sterke karar godmor millom seg. Dei helt henne under armane, og ho la barnet til brystet. Og so tok dei til å skrida. Det var lange slakke løyper frå Løddevarden og ned gjennom Vossedalen.

Ein kjend vossing sa lenge etterpå at det var ikkje anna venta at Jørgen, son til Anna, vart flygar.

Då vegen kom, fekk bergsdølingane kyrkjelege handlingar på Dale. Kyrkjegard fekk me på Lid i 1902. Og i 1955 vart Bergsdalen kyrkje innvigd.

To spreke karar, Anders Småbrekke og Olav Kaldestad gjorde eit meisterstykk ein gong. Dei var grytidleg oppe ein fin sundagsmorgon då hardaste vinteren var over. Dei la i veg over Øvrefjellet til Evanger, ikring 2 mil. So opp Teigdalen til Brekkuhus, 13 km. Då dei kom der, var det nett teke til å ryka or skorsteinspipene. Over Nesheimsfjellet var det og eit godt stykke å fara, nærare 2 mil. Dei kom til Nesheim i Eksingedalen til kyrkjetid. Var på Gudstenesta, og gjekk heimatt same dagen.

Eg gløyme å seia at fleire har sett livet til på desse fjellferdene. Dei vart tekne av snøras.

Då godmor og godfar vart gifte, var det eit fælt regnver. Godfar fekk byta seg, då han kom heim att etter fjellturen. Men godmor vart sitjande våt til livet resten av dagen.

Før vegen kom måtte dei til Bolstadøyri for å handla. Godfar reidde, klyvja, 14 dagar både haust og vår. Dertil var det mykje bæring. Dei selde smør, kjøtt og skinn. Og kjøpte att salt, sukker, kaffi, tjøra og elles slikt dei ikkje kunne avla på garden. Og reidskap o.l. som dei ikkje kunde laga. Tjøra vart brukt til mangt og mykje. Til hus, til ski, til båtar og til å smyrja på lambi so ikkje reven skulde ta dei. Ja, godfar brukte tjøra endåtil mot tannverk. Reven hadde so fin luktesans at han torde ikkje gå over eit skifar der dei hadde gjenge med tjørebredde ski. Men etter at jarnvegslina og kraftliner kom, har han lote vant seg opp att.

Dei har bore slipestein over fjellet. Og ein frå Fosse bar ein kvernstein. Men då han kom mesta til Øye, gleid han, og knuste eit hakk i steinen.

Den vart liggjande der lenge. Ein eg snakka med hadde vore og lyft på steinen. Men han vann han ikkje høgge opp enn jamhøgt me knei.

Godfar bar ei sildekasse frå Bolstadøyri. Eg veit ikkje om det var ein halv hektoliter, eller ein heil. Men då han kom på Bolstadstølen måtte han inn og få seg mat. Då kokte han 7 sildar og åt dei opp i eitt mål. Godfar var og med å drog ein båt på vårskaren over fjellet frå Øystese. Han bar og poteter frå Hardanger. Når kornet ikkje slo til, kunde det verta lite om maten. Han tok til å dyrka poteter, og vart kalla potekongen. Han hadde eit herme: kjøt er kjøt og fisk er fisk, men pote det er mat. Rjupeveiding var ei stor inntekt. Småbrekke hadde eit av dei aller beste felti (snaretrakter), i heile dalen. Mest alle i huslyden var med og sette snarer. Det meste eg har høyrte om at dei fekk var 70 rjupe på ein dag. Då vegen var komen eit godt stykke oppetter køyrde dei heile hestelass til Dale og selde. Dei hadde ikkje jarntrug til hestane den tid. Men berre trugar laga av vidjar med ein treboge rundt. Det hende at dei sleit ut ein heil sekk med trugar på ein Daletur. Ein gong godfar fekk nokså mykje rjupe, fekk han ikkje plass til dei i sekken. Dei var frosne, og tok soleis stor plass. Då tok han buksa av seg, knytte attfor føtene, og fyllte rjupe i. Han kom heim gangande i berre underbuksa. Men eg trur ikkje at han fraus serleg, for dei hadde både udler og underbukser av vadmål den tid. Ein gong heldt han på og vart teken av eit snøras. Han høyrde det losna høgt oppe i Geitaknausen. Han skunda seg bort på eit lite res. Der støyrdde han skistaven i snøen, og sette helane godt nedi med ryggen mot raset. Det vart ein fæla vind, og snøen rann som ei elv rundt han.

Dei tok helgafred. Laurdagane tok dei snarene ut av pinnane, so ikkje rjupe skulde «gå i» med helgi. Dei fiska heller ikkje om sundagane.

Godfar var flink til å skrida. Endå han hadde berre lodneskor og vidjebandski. Han brukte berre ein stor stav. Den sette han seg omskrivs på, og strika med der det var bratt. Ein gong skreid han frå Nos, beint ned til Rødland. Ein høgdeskilnad på ikring 300 m. Nede på bøen var det ei mykjebraut, som han skreid over. Men det rykte stygt i «roestarten», sa han. Ein gong skreid han ned frå Ørnaberget. Ein mann på Hatlestad kom ut ein morgon etterpå, stod og myste mot soli, og vart var skifaret. Då sa han: «Datta æ nett han Gamlejørn». Han sleit ut eit par furuski for året, endå han tjørebredde dei godt. Han steikte tjøra inn i dei over open eld, fleire gonger for året. So dei vart nett som dei skulde vera lakka. Godfar var vågleg på isen. Og datt ofte igjennom. Det var sagt om ein at han var like kjent på botnen som oppe på land. Men eg veit ikkje om det var om han. Eingong han kom med byrda over fjellet frå Bolstadøyri, var han so trøyt at han sytte for å gå Bergsuri.

Men den nylagde isen på Bergsvatnet vilde ikkje bæra han. Då la han seg på magen på isen, og skuva byrda framfyre seg. Og so drog han seg frametter med kniven.

Borte på Oksli var det mykje orm. Og godfar tok seg turar og drap dei. Ein gong slo han ihel tre stykker med eit slag. Dei låg so tett. Han drap heile 12 stykker den dagen. Det var ikkje bru over Kaldåi i gamle dagar. Men so fann godfar på at han vilde «lura» folket. Han sa med dei som budde nedafor Kaldåi, at no vilde dei som

budde ovanfyr ha eit møte om bruspørsmålet. Og med dei som budde oppanfyr Kaldåi, sa han at dei nedanfor vilde ha eit møte om bru. Møtet vart halde, og det enda med at det vart byggt bru.

Ein gong var godfar og Knut Berge på killingsanking. (Dei var gifte med kvar si syster, og slike vart kalla **doar**). Det var regn og skodda. Og på resten vart det myrkt på dei. Dei lyste seg ei stund med fyrstikker, men snart tok dei slutt. Dei laut lata killingane vara killingar, og prøva berga seg sjølv. Dei kleiv igjennom ei lang ur, og godfar sa at han visste ikkje av at han hadde so lange urar på sin eigendom. Men so sa den eine: «Eg trur eg høyrer Moafossen». Og då visste dei kvar dei var. Dei var god til å finna Moaselet. Men då dei kom inn kunde dei ikkje finna noko til å gjera opp eld med. So tok dei hagli or ei geværpatrona og fyllte atti med noko bomull dei greidde finna i huveforet. Og merkeleg nok so var bomulli turr. So skaut dei borti ei krå. Og ved hjelp av noko never fekk dei det til å brenna.

Ein kveld godmor stod nedmed Moavatnet og vaska mjølkekjerald, såg ho ein skapning som kom burti Moauri. Då den skapningen kom nærare retta ho godmor seg opp og sa: «Er det du Jø -». Ordi storkna i munnen hennar, for det var ikkje han godfar som kom. Men sjølvaste bamsefar.

Ein gong før vegen var komen gjekk godfar frå Lid og oppetter. Han var komen so langt oppå Lianeset at han såg ikkje nedatt der som no kyrkja står . Men med eitt høyrde han kyrkjelokkeklang. Det var eit gjensvar frå Lianadlen. Og han fann ut at ljoden måtte koma frå der som kyrkja no står. Andre òg har høyrte kyrkjelokkene på Lid. (Les om det i Bergsdalsboki.)

Godfar vilde hatt ei anna gjenta på Lid, enn den han fekk. Mange år seinare drøymde han om når dei skulde stå opp att på kyrkjegarden. Då hivde ho giftingen over til han. Men då var han oppgjengen i lodingi. Godfar såg kvar ho skulde verta gravlagt, og kvar han sjølv. Og det har stemt.

I gamle dagar brukte dei 3 til 5 år med å skaffa fram materialar til eit hus. Dei hadde dugnad, og hjelptest åt. Hellene (14 tonn) til løa på Småbrekke kjørde dei på vinterføre frå Bulken til Rasborna, ved enden av Hamlagrøvatnet. Og so rodde dei det til Osen. Far var med og rodde ein søkklasta båt seint om hausten. Dei helt midt etter vatnet for ikkje å renna på noko skjer. Men best det var såg dei at botnen strauk forbi nett under båten. Dei kolna heilt igjennom. Ikkje var det folk på stølane (Nore) som kunde hjelpa dei. Men det gjekk vel. Båten flaut nett.

På Småbrekke er det funne tufter etter bustader fleire plassar. Sagnet seier at ei skrida tok huset som stod i Hola. Mannen skulde til Kaldestad etter hjelp. Truleg har han vore til Rødland fyrst, og sett at dei var vekkrest. Men Svartagroi ræste, og han vart drepen der. Kona og barnet fraus ihel i Småbrekkeskaret.

Folk laga mesteparten av kledi sine sjølv. Dei klypte smalen, grøyppte ulli, karda, tulla, spann, hespla, tvinna, rende (la opp vev), vov, fekk veven stampa og so klypte dei tøyet, etter skantar, og sydde i hop klesplagg. Og so spøta dei mykje.



Dette med kleði var kvinnearbeid. Brokvitlar var laga av tjukk tvinna tråd. Dei vart vovne med mangefarga mønster i. Mjukkvitlar var kvite, med nokre svarte render i. Før dei hadde eigen hest på Småbrekke, fødde dei millitærhester om vintrane. Men då far tok til å køyra høyet på bøen med tremeiaslede, sa han godfar at dersom han hadde vore 24 år, skulde han ha bore fortare.

Oldefar dyrka litegrand på Grønland. Men det var far som dyrka det meste av dei steinfulle bakkane. Han skaut ein stein under løa, som det vart 52 hestelass or. Og i Båturi var det eit steinlag på 1 m før han kom ned på moldi. Far hadde garden i 31 år. Og det hadde eg og.

Då far var liten erta dei han med at rjupene hadde han til narr, når dei sat og rikta, eller «skratta», som dei sa. Dei sa: «Kåm hør, kåm hør». Men då dei hadde lokka på Per'n, so sa dei ræ-æ-pæ-æ-r. Og med det same dei fauk sa vengjeslagi: kjekjkjerrrr.

I 1920 kom den fyrste rutebilen til dalen. Han overtok då mjølkekøyringi til Dale. Men det var ein sjåfør som ikkje vilde stoppa for kvar gard. Bøndene er so dumme at dei trur det er like lett å stoppa ein bil, som ein hest. Han vilde dei skulde dra mjølki i hop frå to og to gardar

Det var ikkje mykje om lommepengar i godfar sin ungdom. Eg fann eit brev til han, det var frå broren Sjur. Han kunde no ha skrive oftare, skriv han, men det var denne portoen. Eit frimerke kosta den gongen 3 øre.

Oldemor fekk so vidt oppleva byrjingi av turismen. Eg skynar ikkje at dei kunde hysa noko på Småbrekke med so små hus. Mon kor det no var eller ikkje, so helste ho på ein mann. Og han sa namnet sitt. Like etter helste ho på kona, som presenterte seg med same namnet. Dette kunde ikkje oldemor skyna, men byfrua forklara: «I byen heter konen det samme som mannen». Då sa oldemor: «Nei so æ da 'kje her. Eg 'eite Ingebjørg og han 'eite Per».

Når det leid på vinter, og råki i vatnet gjekk opp, måtte dei ro turistane bort til iskanten. Ein dag var det ein mann som slumpa seg uti vatnet. Han for millom båtripa og iskanten. «Å, ta meg i håret», ropa han då.

«Om fjellet er høgt, og dalen trong, Guds ord heve då sitt gjenge».

Gudsfrykt og nøysomheit, har fylgt denne slekti.

Lisbet, brordotter til oldefar heldt «Kineseren» frå fyrste nummer. Og ho gjøymde alle bladi. Då taket tok til å leka, vart ho i kave for bladi sine. Oldefar heldt «Sambåndet», det har kome til Småbrekke frå den tid og til no.